



Arkitekt Mette Kyed Thorson  
Kvalen  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1739 - 17/17538

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
06.09.2017

## Godkjenning - GBNR 10/42 - Igangsettingsløyve for oppføring av bustad

**Administrativt vedtak. Saknr: 240/2017**

**Tiltakshavar:** Eirin Moldøy og Trond Vegard Skjold  
**Ansvarleg søkjar:** Arkitekt Mette Kyed Thorson  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

### SAKSUTGREIING OG VURDERING:

Ansvarleg søkjar har på vegne av Eirin Moldøy og Trond Vegard Skjold søkt om igangsettingsløyve for oppføring av einestad og garasje på gbnr 10/42 på Holme i Meland kommune.

Dispensasjon frå plankrav og rammeløyve for bustadoppføring er gitt i administrativt vedtak 299/2016 – dagsett 14.09.2016. Løyve til utslepp er gitt i administrativt vedtak 229/2017 – dagsett 24.08.2017.

#### Planstatus:

Eigedomen er i Reguleringsplan for delar av Holme-Holmeknappen avsett til bustadforemål. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

#### Nabovarsling:

Tiltaket blei nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 21.07.2017. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

#### Vassforsyning:

Eigedomen skal ha vassforsyning gjennom eigen brønn. Det blei difor stilt følgjande vilkår i rammeløyvet:

- *Dokumentasjon for tilstrekkeleg kvalitet og tilgang til drikke- og sløkkevatn må sendast inn saman med søknad om igangsettingsløyve.*

Ansvarleg søkjar har opplyst at dokumentasjon av vassmengde og vassprøve vil bli sendt inn før ferdigmelding av tiltaket. Dette fordi vasskjelda må tømmast og reingjerast etter arbeida med utgraving av tomten er ferdig. Administrasjonen har ikkje merknader til dette.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for oppføring av bustad og garasje på gbnr 10/42 i Meland kommune, jf søknad med vedlegg motteke 21.07.2017. Vilkår:

- *Dokumentasjon for tilstrekkeleg kvalitet og tilgang til drikke- og sløkkevatn må sendast inn saman med søknad om ferdigattest/bruksløyve.*

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan dagsett 21.07.2017, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Gebyr for sakshandsaming blir ettersendt.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

